

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

10.06.2011

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 14.06.2011 kl. 08.30 på
Skodje Rådhus**

SAKLISTE:

- Sak 07/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 24. februar 2011
- ” 08/11 - Årsmelding 2010 – Skodje kommune
- ” 09/11 - Kommunerekneskapen 2010 – Skodje kommune
- ” 10/11 - Mandat vedkomande forvaltningsrevisjon gjeldande sak 03/11, saker til oppfølging

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 24. februar 2011, kl. 16.00
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Magnar Flaate, Kjell Arve Reiakvam og Grete Dalhaug Berg

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/11
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 12. JULI 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 12. juli 2010 blir godkjent.

**SAK 02/11
REFERATSAK**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir teken til orientering.

**SAK 03/11
SAKER TIL OPPFØLGING**

Saksdokument datert 16.02.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Det vart lagt slikt forslag til vedtak fram for kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet konstaterer at det er motteke svar på dei spørsmåla som har blitt stilt.
2. Kontrollutvalet vil ikkje gå nærare inn på desse svara.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet konstaterer at det er motteke svar på dei spørsmåla som har blitt stilt, men finn kvaliteten på desse kritikkverdige. På bakgrunn av dette vil kontrollutvalet tilrå overfor kommunestyret at det blir gjort ein forvaltningsrevisjon av den interne kontrollen i kommunen sett inn mot leiing, måloppnåing, kostnadseffektiv drift og etterleving av lover og reglar.

**SAK 04/11
SELSKAPSKONTROLL – ØRSKOG ENERGI AS**

Saksutgreiing datert 06.02.2011 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Skodje kommunestyre viser til rapport for utført selskapskontroll for Ørskog Energi AS og ber administrasjonen legge fram plan for utarbeiding av eigarskapsmelding som eiga sak.

**SAK 05/11
KLAGE PÅ REGULERINGSPLAN**

Denne saka kom opp under eventuelt

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil ikkje behandle denne saka då den ligg utanfor kontrollutvalet sitt ansvarområde.

**SAK 06/11
BILOPPSAMLINGSPLASS I FURLIA**

Denne saka kom opp under eventuelt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet blir bedt om å undersøkje dei formelle rammene for slik verksemd.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
medlem
(sign.)

Kjell Arve Reiakvam
medlem
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign.)

Grete Dalhaug Berg
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 10.06.2011

**SAK 08/11
ÅRSMELDING 2010 – SKODJE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2010 – Skodje kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Skodje kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 10.06.2011

SAK 09/11
KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – SKODJE KOMMUNE

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2010 - Skodje kommune
2. Skodje kommune - kommunerekneskapen 2010

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

1. Skodje kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Innan enkelte driftseiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Ann-Kristin Melseth

Vår dato:
09.06.2011
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Skodje kommunestyre

REVISJONSMELDING 2010 – SKODJE KOMMUNE

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Skodje kommune, som er sett saman av balanse per 31. desember 2010, driftsrekneskap som viser kr 146 831 776,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,-, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheiter eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Postadresse
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 Ålesund

Besøksadresse
Lerstadvegen 545, 4. Etg.
E-postadresse
komrev3@komrev3.no

Telefon
70 17 21 50

Telefaks
70 17 21 51

Bankkonto
6540 05 00465

Foretaksregisteret
NO 971 562 587

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Skodje kommune per 31. desember 2010, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon med atterhald om budsjett*

Innan enkelte driftseiningar er det overskridingar i høve vedteke budsjett. Det vert vist til årsmeldinga frå rådmannen.


Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi, med unntak av forholdet nemnt i avsnittet ovanfor, at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.



Kjell Bjørnsen
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 09.06.2011

**SAK 10/11
MANDAT VEDKOMANDE FORVALTNINGSREVISJON GJELDANDE SAK
03/11, SAKER TIL OPPFØLGING**

Som vedlegg følger:

- Rutinar for behandling av mottekne brev (eit døme), jf pkt. 2 side 2
- Prosjektskisse

Etter lang tid med manglande og mangelfulle svar og avklaringar på spørsmål om interne kontrollrutinar, vart dei mottekne svara tekne opp til behandling i sak 03/11 i møte den 24.02.11.

Det vart lagt slikt forslag til vedtak fram for kontrollutvalet:

1. *Kontrollutvalet konstaterer at det er motteke svar på dei spørsmåla som har blitt stilt.*
2. *Kontrollutvalet vil ikkje gå nærare inn på desse svara.*

Kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:

Kontrollutvalet konstaterer at det er motteke svar på dei spørsmåla som har blitt stilt, men finn kvaliteten på desse kritikkverdig. På bakgrunn av dette vil kontrollutvalet tilrå overfor kommunestyret at det blir gjort ein forvaltningsrevisjon av den interne kontrollen i kommunen sett inn mot leing, måloppnåing, kostnadseffektiv drift og etterleving av lover og reglar.

I etterkant tok ordførar kontakt med kontrollutvalsekretariatet og leiar i kontrollutvalet der han ga uttrykk for at det kunne vere behov for tilleggsinformasjon når saka vart førelagt kommunestyret. Med dette som bakgrunn hadde kontrollutvalsekretariatet og leiar i kontrollutvalet eit møte med ordførar der det vart bestemt å gi meir opplysningar om mandatet.

Bakgrunnen for kontrollutvalet sitt vedtak er at dei mottekne svara ikkje var tilfredstillande. Svara var av ein slik karakter at det i seg sjølv kunne reise spørsmål om leinga sin kjennskap til ulike sider ved kommunen si verksemd, rutinar og dermed den

interne kontrollen. Kontrollutvalet ønskte å få dette undersøkt nærare gjennom ein forvaltningsrevisjon.

Spørsmål om følgjande tema har blitt retta til rådmannen:

1. Rutinar og registrering av inntekter (Svar, sjå vedlagte arkivplan for Skodje kommune)
2. Rutinar for behandling av mottekne brev (svar, sjå vedlagte arkivplan for Skodje kommune)
3. Behandling av kontrollutvalet sitt budsjett for 2010
4. Pålegg gitt til skatteoppkrevjaren
5. Biloppsamling i Furulia og forholdet til Forurensingsloven
6. Prosjektrekneskap knytt til Voi
7. Lønn for arbeid ved Prestemarka produkt
8. Forespørsel om sosiale ytingar

Som forklaring og eksempel på kontrollutvalet sitt syn på svara blir tre av desse kommentert her. Svar på spørsmål knytt til tema 1 og 2 er vedlagte arkivplan for Skodje kommune. Kontrollutvalet hadde nok venta seg ein oversikt over rutinens gang. Tema 6 omhandla rekneskapsversikt over inntekter til Voi-prosjektet spesifisert med inntekter frå Norad og andre inntekter. På kostnadssida ba kontrollutvalet om ein slik spesifisering:

- Vikarkostnader
- Reisekostnader
- Lønnskostnader administrasjon
- Andre kostnader

Ein slik rekneskapsversikt har ikkje blitt lagt fram.

Kva inneber ein forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader, herunder om:

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnader
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Avleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til

undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leiing med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I samanheng med dei siste endringane i kommunelova knytt til internt tilsyn og kontroll, §§ 74-81, vart det laga nye forskrifter til § 77 (kontrollutval) og § 78 (revisjon).

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd vart kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering. Dette tenkte forvaltningsrevisjonsprosjektet kan reknast som ei justering av vedteken plan.

Andre ledd krev at kommunen identifiserar behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats. Analysen er sett på som internt arbeidspapir som kan haldast unna offentlegheit.

I kraft av å ha det overordna tilsynsansvar i kommunen, kan kommunestyret gi instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike avgjer kontrollutvalet sjølv områda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmende rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Oppgåvene til kontrollutvalet med forvaltningsrevisjon følgjer av kapittel 5 i forskrift om kontrollutval, §§ 9-12. I § 9 er det presisert at:

”Kontrollutvalget skal påse at komunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.”

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, § 10.
- Rapportar om forvaltningsrevisjon, § 11.
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar, § 12.

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt endra seg mykje dei siste åra. Eit risikobasert utgangspunkt for val av prosjekt er ei tilnærming som sikrar god og nyttig revisjon. Av den grunn stiller forskrifta krav om val av prosjekt basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*. Kontrollutvalet i Skodje har mellom anna på bakgrunn av det som er nemnt ovanfor vurdert det vedtekte temaet som relevant i forhold til risiko- og vesentlighetsvurderingar.

Eg har vore i kontakt med kommunerevisjonen for å få utarbeidd ei projektskisse som passar til mandatet. Denne følgjer vedlagt.


På bakgrunn av ovanstående og det som no ligg føre legg ein saka fram med forslag om slik

innstilling:

Det blir gjort ein forvaltningsrevisjon av den interne kontrollen i kommunen sett inn mot leing, måloppnåing, kostnadseffektiv drift og etterleving av lover og reglar.

Harald Rogne
dagleg leiar

Arkivplan for Skodje kommune



Arkivlova med forskrifter ligg til grunn for retningslinene.

Arkivplanen skal sikra at Skodje kommune ivaretek arkivansvaret sitt etter arkivlovas § 6: "Offentlege organ pliktar å ha arkiv, og desse skal vera ordna og innretta slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid."

Føremål for arkivplan i Skodje kommune:

Denne arkivplanen skal til ei kvar tid vere retningsgjevande for korleis all dokumentasjon som kommunen treng i sine daglege gjeremål eller har plikt til å oppbevare for ettertida skal registrerast, oppbevarast og nyttast. Den skal vise kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Det er eit krav i forskriftene til arkivlova at kommunane skal ha ein slik plan (§ 2-2). For at planen til ei kvar tid skal vere aktuell, må den jamnleg oppdaterast og ajourførast. Dette skal skje minst ein gong i året. Dei arkivplanane som er gått ut av bruk skal arkiverast.

Arkivleiar har det daglege ansvaret for arkivtenesta og utarbeider verksemdplan. Godkjend verksemdplan skal vere med i kommunen sin årsplan.

I kommunen er det administrasjonssjefen (rådmannen) som har det overordna arkivansvaret (jfr. arkivforskrifta § 1-1).

Som administrasjonssjef i Skodje kommune oppfordrar eg alle medarbeidarar om å sette seg godt inn i, og følge retningslinjene i arkivplanen.

Skodje kommune november 2010

Kjell Bjørdal

rådmann

5. mai 2011

PROSJEKTSKISSE - Utkast

Evaluering av internkontrollen i Skodje kommune

1. Bakgrunn

Revisjonen har mottatt ein førespurnad frå SKS IKS på tema for forvaltningsrevisjon i Skodje kommune. Førespurnaden gjaldt gjennomføring av ei undersøking av internkontrollen i Skodje kommune. På bakgrunn av dette er det utarbeidd denne prosjektskissa, som trekkjer opp problemstillingar og metodisk opplegg for undersøkinga.

Kravet om intern kontroll i norske kommunar er forankra i kommunelova. Administrasjonssjefen skal etter kl. § 23 nr. 2 sørge for at kommunen er gjenstand for ein såkalla "trygg kontroll". Denne lovformuleringa legg ansvaret for intern kontrollen i ein kommunen til rådmannen. Kontrollutvalet skal etter kl. § 77 vere med å sikre at intern kontrollen er god.

Forenkla kan ein sei at staten styrer kommunane gjennom lov, forskrift, og økonomiske rammer. Kommunestyret vedtar mål og rammer. Administrasjonssjefen gjennomfører og har ansvar for å levere resultat. For å oppnå dette må administrasjonssjefen ha internkontroll. Det er administrasjonssjefen si ivaretaking av internkontrollen som er fokus i dette prosjektet.

2. Evaluering av internkontrollen i Skodje


2.1. Revisjonskriterier

Revisjonskriterium vert vanlegvis fastsett med basis i ei eller fleire av følgjande kjelder: lovverk, politiske vedtak og føringar, kommunens egne retningslinjer, anerkjent teori på området og andre samanliknbare verksemder sine løysingar og resultat. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere eventuelle avvik/svakheiter. Kriteria vert halde saman med faktagrunnlaget, og dannar basis for dei analysar og vurderingar som vert gjort, og dei konklusjonane som vert trekt, jf. Standard for forvaltningsrevisjon: RSK-001.

Det mest kjente rammeverket for intern kontroll er det såkalla COSO-rammeverket, *Intern kontroll – et integrert rammeverk*. COSO-rammeverket definerer intern kontroll som ein prosess som er satt i gang og blir gjennomført av kommunestyret, rådmannen, einingsleiarane og dei tilsette, med sikte på måloppnåing når det gjeld:

- Målretta og effektiv tenesteproduksjon

- Påliteleg intern og ekstern rapportering
- Etterleving av gjeldande lover og reglar, og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.



Komponentane som internkontrollen byggjer på er: Kontrollmiljøet, risikovurderingar, kontrollaktivitetar, informasjon og kommunikasjon, samt overvåking.

Evalueringa vil bli strukturert rundt dette rammeverket.

2.2 Problemstillingar presisert

Problemstillingane i prosjektet er om Skodje kommune har ein tilfredsstillande internkontroll, og kva for eventuelle veikskapar i internkontrollen som kan identifiserast. Problemstillinga er med andre ord om § 23 i kommunelova kan seiast å vere godt nok ivareteke. Det er administrasjonssjefen si ivaretaking av internkontrollen som skal evaluerast. Internkontrollen si målforankring og dei organisasjonsmessige tilhøva knytt til kontrollmiljøet er to tema som prosjektet særleg vil ta sikte på å undersøke.

2.3 Metodisk opplegg

Evalueringa vil verte gjennomført som eit forvaltningsrevisjonsprosjektet, lagt opp etter RSK 001 ”Standard for forvaltningsrevisjon organisert som prosjekt”.

Datainnsamling vil skje i form av spørjeskjema og intervju. Spørjeskjema vil rette seg mot dei leiarane i kommunen, samt personar i staben. For å få utdjupingar av svargjevinga i spørjeskjemaet vil det for eit utval verte gjort supplerande intervju. I tillegg vil det verte gjennomført intervju med kommunalsjef og rådmann.

Samanstilling av dei innsamla data vil utgjere faktaframstillinga. Det vil så verte gjort vurderingar av fakta opp mot dei aktuelle problemstillingane som undersøkinga byggjer på.

3. Bemanning og tidsplan

Prosjektet vil verte gjennomført av revisjonsrådgjevar Jens A. Sæter. Prosjektet kan gjennomførast hausten 2011.